

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U63, TI-&18
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 09.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/23	Utval for helse og omsorg	06.06.2023

Søknad om serverings- og skjenkeløyve utandørs - iSushi AS
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1. Isushi As , org. nr 998772184 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for utandørs servering alkoholgruppe 1, 2 og 3 for iSushi + Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.*
- 2. Løyvet gjeld for utandørs servering på avgrensa område med om lag 40 gjestar*
- 3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå klokka 11.00 – 22.00. Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00. Skjenketid for gruppe 3 er alle dagar frå klokka 13.00 – 22.00.*
- 4. Løyvet gjeld fram til 30.09.24*
- 5. Styrar Anna Hadhazy f. 23.03.89. Avløysar Cesilie Stendal f 06.08.81.*

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Handsaming:

På vegne av SP/KRF sette May Irene Wergeland-SP fram følgjande tilleggsframlegg:

Skjenkeløyvet godkjennast med atterhald om betre skjerming. Skjerminga må minimum vere 1,20 meter høg ut mot fortauet. Dette for å skjerme for innsyn og eventuelt støy og også på grunn av den svært sentrale plasseringa i kommunesenteret.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Tilleggsframlegget frå SP/KRF fekk 4 røyster (Else Marie S. Dale-KRF, May Irene Wergeland-SP, Sølvi

Knudsen-SP, Thore Helland-SP) og vart vedteke mot 3 røyster (Ståle Hauge-AP, Kirsti Gjetle Floen-AP, Roy Bø-H).

HO- 031/23 Vedtak:

1. *Isushi As , org. nr 998772184 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for utandørs servering alkoholgruppe 1, 2 og 3 for iSushi + Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.*

2. *Løyvet gjeld for utandørs servering på avgrensa område med om lag 40 gjestar*

3. *Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå klokka 11.00 – 22.00. Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00. Skjenketid for gruppe 3 er alle dagar frå klokka 13.00 – 22.00.*

4. *Løyvet gjeld fram til 30.09.24*

5. *Styrrar Anna Hadhazy f. 23.03.89. Avløyser Cesilie Stendal f 06.08.81.*

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Skjenkeløyvet godkjennast med atterhald om betre skjerming. Skjerminga må minimum vere 1,20 meter høg ut mot fortauet. Dette for å skjerme for innsyn og eventuelt støy og også på grunn av den svært sentrale plasseringa i kommunesenteret.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Saka gjeld

Søknad om serverings- og skjenkebevilgning utvida område- utandørs for ISUSHI AS lokaler for iSushi x Roxys Knarvik i Kvernhusmyrane 10, 5914 Isdalstø. Driftkonseptet er servering av sushi og eit amerikansk «diner» konsept med for eksempel burger og milkshakes osv.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Alver kommune har motteke søknad om skjenkeløyve i avgrensa område utandørs knytt til ISUSHI AS i samband med ny restaurant iSushi x Roxys I Knarvik senter. Det er søkt om skjenking utandørs for all alkoholhaldig drikk. Søknaden har vore til uttale hjå politiet, NAV og skatteetaten. Det er ingen merknader til søknaden.

Styrrar og avløyser har bestått kunnskapsprøven etter alkohollova.

Skjenkeløyve for alkohol er heimla i alkohollova (AL) 1-7, samt kap. 4. Når vilkår etter AL er innfridd er det opp til kommunens frie skjønns og kommunens alkoholpolitiske plan å avgjera om løyve skal gjevast, AL § 1-7 a «*Ved vurderingen av om bevilgning bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og*

ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1- 7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking» .

I Alver kommune sin alkoholpolitiske plan kjem det fram i punkt 8.3: «Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/ butikksenter, må vera i eige skjerma lokale».

Utandørserveringa vil vere i eit eige fysisk avgrensa område ut mot parkering/uteområde. Det er tilkomst frå restauranten og frå parkering.

I punkt 6.4 I kommunen sin alkoholpolitiske plan står det:

«Vilkår for skjenking på uteareal: Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømningsvegar. Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/ høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjananse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er. Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl 2300 ved større særskilde arrangement.

Utearealet det er søkt serverings- og skjenkeløyve på er eit avgrensa område på 35 kvm knytt til Isushi x Roxy diners lokale (vedlagt teikning).

Det er søkt om serverings- og skjenketid frå klokka 11.00 – 22.00 alle dagar.

Vurdering:

I vurdering av søknaden kjem det ikkje fram opplysningar som tilseier at løyvet ikkje bør givast. Område for utandørs servering er i eiga avgrensa område med tilkomst frå parkering og frå restauranten.

Kommunedirektøren si tilråding

Tilrår at løyvet blir innvilga.

Vedlegg i saken:

23.05.2023 Teikning

1931068